

MØTEPROTOKOLL

Utval: Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 07.12.2020
Møtets varighet: 09:30 – 14:30
Sted: Skype, som følge av smitteverntiltak knytt til covid-19
Saksnr.: BU106/2020 – BU118/2020
Arkivsak: 2020/14599

Møteleiar: Paula Næss Skår

Møtande medlemmer:

Ann Helene Skare
Atle Tangen
Janne Remøy Endresen
Anne Grete Mogstad
Jakob Strand
Asle Giske
Asbjørn Ringdal Gausdal
Daniel Ask

Frå administrasjonen møtte:

Administrasjonsrådgivar Marianne Gravem (referent)
Administrasjonsrådgivar Audny Mongstad (med-referent)

Andre:

Øyvind Bakke, administrerende direktør
Ida Fallmyr Jørgensen under presentasjon om PET-CT
Jakob Devold under sak om pasientreiser
Unni Arnestad under sak om avvikshåndtering
Kirsti Hamar under sak om Helseplattformen

Forfall:

Ingen

BU106/2020 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

BU107/2020 Orientering frå administrerende direktør

Adm. direktør Øyvind Bakke orienterte om dagsaktuelle saker.

- Betring i ventetider innanfor psykisk helse og TSB
- Konverterer 40 millionar av overskotet i 2020 til medisinsk-teknisk utstyr.
- Felles leiding av SNR - Georg Johnsen er ny klinikkssjef, saman med Carina Wollan Myhre som assisterande klinikkssjef
- Klinikk Kvinner, barn og unge: Øyvind Nytnun konstituert ut 2021 og skal fortsatt rapportere direkte til direktør. Følgjetenesta til dei føddande er no mykje betre enn den nokon gang har vore.
- Rehabiliteringssaka blir lagt fram kommande styremøte.
- Greier ut nokre moglege endringar i organiseringa for barn både somatisk og psykisk helse.
- Få innlagte pasientar med covid-19. Hurtigtestar er no på alle sjukehusa.
- Videokonsultasjonar - ei lita auke siste tida, men målsetting om vidare auke.
- Tilpasse sengeplassar i sikkerheitspsykiatrien og alderspsykiatrien etter behovet.
- Orientering om SNR vil bli gitt på styremøtet.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa frå adm. direktør til vitende.

Brukarutvalet ser med uro på at alderspsykiatri er det planar om å flytte frå godt tilpassa lokalitetar og omgivnader til dømes sansehagen.

Brukarutvalet vil følgje med på planane for vidare døgntilbod både ved Aure og Mork

BU108/2020 Orienteringssak – PET-CT ved Ålesund sjukehus - prosjekt

Brukarutvalet fekk ei orientering om etablering av PET-CT av prosjektleiar Ida Fallmyr Jørgensen.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa til vitende.

BU109/2020 Orienteringssak – seminar for brukarutvalet januar 2021

Brukarutvalet fekk presentert eit utkast til program og fekk høve til å kome med innspel.

Vedtak:

Brukarutvalet sluttar seg til utkast for program og innspel kan sendast inn seinare til sekretær. Arbeidsutvalet til brukarutvalet utarbeider programmet vidare.

BU110/2020 Representasjon i råd og utval – munnleg orientering

Paula Næss Skår	<ul style="list-style-type: none">• 10.nov. Fellesmøte BU-ane i Helse Midt-Norge• 11.nov. Styremøte• 14.nov. Deler av møtet i Ungdomsrådet• 16.nov. Samarbeidsmøte med kommunane• 24. nov. AU for BU• 25.nov. Møte i OSU• 30.nov. Samarbeidsmøte med kommunane• 2.des. Lokalt samarbeidsorgan for utd.,forskn.og innovasjon
Ann Helene Skare	<ul style="list-style-type: none">• 10. november: samling for sekretærer, ledere og nestledere i brukerutvalg i helseregionen. Skype• 12. november: KEK - evaluering av webinar 5. november. Skype• 14. november: møte med ungdomsrådet, Skype• 20. november: møte i brukerutvalget SNR. Hjelset• 24. november: AV brukerutvalget, Molde• 26. november: Møte kvalitetsråd kreft og rehabilitering. Skype• 27. november: møte lokalt samhandlingsutvalg. Teams• 3. desember: møte barneblikk. Skype
Janne Remøy Endresen	<ul style="list-style-type: none">• 13.11, 19.11 - Samarbeidsråd Klinikk Volda
Anne Grete Mogstad	<ul style="list-style-type: none">• Styremøte 11.11.2020• SNR BU 20.11.2020
Daniel Ask	<ul style="list-style-type: none">• 12.nov. Helseplattformen (to ulike grupper/møter)• 13.nov. Helseplattformen• 17.nov. Ressursgruppemøte (eldre multisjuka)• 19.nov. Helseplattformen (fagekspertgruppen)• 25.nov. Helseplattformen (My chart)• 26.nov. Helseplattformen (Group Topic)• 3.des. Helseplattformen.
Atle Tangen	<ul style="list-style-type: none">• 20.11 og 23.11 BU-SNR
Jakob Strand	<ul style="list-style-type: none">• 19.11 Samarbeidsmøte Klinikk Volda sjukehus
Asle John Giske	<ul style="list-style-type: none">• 05.11, 19.11, 25.11, 03.12 - Helseplattformen MyChart• 06.11, 25.11 - Samarbeidsprosjekt covid19

BU111/2020 Oppnemning av representantar i råd/utval

Vedtak:

Daniel Ask og Janne Remøy Endresen blir valt til å vere brukarrepresentantar til referansegruppa til prosjektet PET-CT.

Asbjørn R. Gausdal blir valt til å vere brukarrepresentant i arbeidsgruppa for evaluering og revisjon av retningslinjer for fylgjeperson i sjukehus (ref.: sak i Overordna samhandlingsutval 25.11.2020) og Ann Helene Skare blir valt til hans vara.

Følgjande brukarutvalsmedlem deltek saman med leiar på styremøta i 2021:

Onsdag 27. januar: Asle John Giske

Onsdag 3. mars: Anne Grete Mogstad

Onsdag 24. mars: Leiar og nestleiar Ann Helene Skare

Onsdag 19. mai: Daniel Ask
Onsdag 16. juni: Jakob Strand
Onsdag 25. august: Janne Remøy Endresen
Onsdag 22. september: Atle Tangen
Onsdag 3. november: Leiar og nestleiar Ann Helene Skare
Onsdag 8. desember: Asbjørn R. Gausdal

Ved eventuelle ekstraordinære styremøter, blir leiar og nestleiar kalla inn.

BU112/2020

Referatsaker (utan saksframlegg)

- Protokoll RBU HMN 16.11.2020
- Protokoll styremøte HMR 11.11.2020
- Protokoll OSU 25.11.2020
- Referat regional nettverksmøte BU-ane

BU113/2020 Orienteringssak – pasientreiser i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet fekk ei orientering om pasientreiser i Helse Møre og Romsdal av seksjonsleder Jakob Devold. Orienteringa tok føre seg korleis pasientreiser er organisert i vårt helseføretak og kva som ligg til Pasientreiser HF.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa om pasientreiser til vitende.

BU114/2020 Orienteringssak – avvikshandtering i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet fekk ei orientering av kvalitetsrådgjever Unni Arnestad om avvikshandtering i Helse Møre og Romsdal (HMR) og kva HMR gjer for å lære av dei uønskte hendingane.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa om avvikshandtering i Helse Møre og Romsdal til vitende.

Brukarutvalet ber om at helseføretaket legg til rette før at helsepersonell orienterer pasientane om moglegheita til å klage og kvar ein finn skjema.

BU115/2020 Orienteringssak – Helseplattformen

Brukarutvalet fekk ei orientering om Helseplattformen av Kirsti Hamar

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa til vitende.

BU116/2020 Styresak – statusrapport oktober 2020

Brukarutvalet fekk ei kort orientering av administrerande direktør om statusrapporten.

Forslag til vedtak i styret:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapport for oktober 2020 til vitende.

Vedtak:

Brukarutvalet tek statusrapporten for oktober 2020 til vitende.

Brukarutvalet er særns nøgd med den positive utviklinga med færre fristbrot og kortare ventetid. Brukarutvalet opplever også det som positivt at det er så god styring på økonomien.

BU117/2020 Styresak - Rehabiliteringstilbodet i regi av Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalget fekk ei orientering frå Inger Nossen Sandvik som har vore brukarrepresentant i prosjektet om rehabiliteringstilbodet i Møre og Romsdal.

Forslag til vedtak i styret:

- 1. Styret vedtek at Helse Møre og Romsdal HF sitt spesialiserte rehabiliteringstilbod skal vidareutviklast ved auka satsing på poliklinikk, dagbehandling, og ambulante spesialiserte rehabiliteringsteneste. Dette skal skje i nært samarbeid og dialog med kommunane.*
- 2. Styret vedtek endringar i talet på døgnplassar og styrking av ambulante tenester innan spesialisert rehabilitering slik det framgår av saka. Endringane skal vere gjennomført seinast 01.03.21.*
- 3. Styret vedtar styringsgruppa si tilråding om at det blir etablert eit fagleg samarbeidsutval (fagråd) for rehabilitering i forbindelse med revidering av samarbeidsavtalen. Oppgåver kan mellom anna vere vidareutvikling av dagens pasientforløp som er skildra i rapporten frå prosjektgruppa.*

Vedtak:

Brukarutvalet støtter innstilling til vedtak til styret i saka om rehabiliteringstilbodet i regi av Helse Møre og Romsdal, med følgande kommentar:

Brukarutvalet ser positivt på at Helse Møre og Romsdal HF vil vidareutvikle det spesialiserte rehabiliteringstilbodet og at det blir lagt opp til vidare døgntilbod ved både Mork og Aure i tillegg til tilbodet ved Ålesund sjukehus.

Brukarutvalet er likevel bekymra for at talet på døgnplassar skal bli redusert med for mange plassar og at tilbodet til aktuelle pasientgrupper med det blir svekka.

Brukarutvalet støttar forslaget om at utviklingsarbeidet med satsing på poliklinikk, dagbehandling og ambulante spesialiserte rehabiliteringsteneste skal skje i nært samarbeid og dialog med kommunane. Det er viktig at dette arbeidet kjem i gang før døgnplassar blir redusert.

Brukarutvalet støttar forslaget om å etablere eit fagleg samarbeidsutval (fagråd) for rehabilitering slik det kjem fram av saka.

BU118/2020 Godkjenning av møteprotokoll 10/2020

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner protokoll 10/2020 frå 07.12.2020.

Ålesund, 07.12.2020

Paula Næss Skår

Ann Helene Skare

Janne Remøy Endresen

Atle Tangen

Daniel Ask

Anne Grete Mogstad

Asle John Giske

Jakob Strand

Asbjørn R. Gausdal
